



Informasjon frå Statnett

Tilleggsutgreiingar og søknad om konsesjon på strekninga Ålfoten–Moskog.

Ny 420 kV-leidning Ørskog–Fardal (Sogndal).


Formålet med denne konsesjonssøknaden er å gi grunneigarar, rettshavarar og myndigheiter dette gjeld, høve til å vurdere nye traséalternativ og ny transformatorplassering som har komme opp i samband med klagebehandlinga i Olje- og energidepartementet (OED). Søknaden gjeld ny trasé på strekninga Endestadvatnet–Moskog i kommunane Flora, Naustdal, Førde og Jølster, nye traséalternativ sør for Fördedalen i Bremanger kommune og ein ny mogleg transformatorstasjon ved Åskåra i Bremanger.



Fakta om Ørskog–Fardal

- 285 km kraftleidning med totalt om lag 775 master.
- Seks nye transformatorstasjonar: Sogndal, Høyanger, Moskog, Ålfoten, Ørsta og Sykkylven.
- Sanering av Fardal transformatorstasjon i Sogndal og fjerning av 170 km av eksisterande stålmasterleidningar.
- Bygginga vil gjelde 15 kommunar: Ørskog, Sykkylven, Ørsta, Volda, Eid, Bremanger, Flora, Naustdal, Førde, Jølster, Gaular, Høyanger, Balestrand, Leikanger og Sogndal.
- 250 km kraftleidning, viss sjøkabelalternativet blir valt. Blir sjøkabel valt, vil det ikkje byggast transformatorstasjon i Sykkylven.

NYE TRASEALTERNATIV MELLOM ENDESTADVATNET OG MOSKOG



Bakgrunn for ny 420 kV-leidning Ørskog–Fardal

Statnett vil byggje ein ny 420 kV-leidning mellom Ørskog og Fardal (Sogndal) for å sikre Midt-Noreg ei sterk straumforsyning og for å realisere nye småkraftverk og ny fornybar kraftproduksjon på Sunnmøre og i Sogn og Fjordane. Midt-Noreg (Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal) har eit energiunderskot på om lag 8 TWh (terawattimar) i eit normalår. 8 TWh svarer til eit årleg forbruk på 400 000 einestader med eit gjennomsnittleg forbruk på 20 000 kWh per år. Når energiunderskotet blir så stort, fører det til at det eksisterande nettet blir belasta hardare og med større fare for at det kan oppstå ein feil. I Sogn og Fjordane og på Sunnmøre har ikkje nettet lenger kapasitet til å ta inn ny kraftproduksjon. Det gjer at småkraftverk og ny fornybar energiproduksjon ikkje kjem til å bli realiserte før ein får bygd nye overføringslinjer. Berre i Sogn og Fjordane ligg det no rundt 100 småkraftprosjekt på vent for å bli behandla hos Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Bakgrunn for tilleggssøknaden

NVE gav i juni 2009 Statnett konsesjon for å byggje og drive ein ny 420 kV-leidning mellom Ørskog–Fardal. Vedtaket vart påklaga til Olje- og energidepartementet (OED). OED gjennomførte klagebefaring i perioden 19.–23. oktober 2009. Som eit ledd i klagebehandlninga bad OED i brev av 9.11.10 om fleire nye utgreiingar i Sogn og Fjordane fylke, mellom anna desse:

- Departementet ber Statnett om å greie ut og søkje fleire alternativ som i større grad enn den konsesjonsgitte løysinga unngår inngrep i Fördedalen i Bremanger kommune.
- Departementet ber vidare Statnett å søkje om tidlegare utgreidd alternativ 2.0-1.18 i Flora, Naustdal, Førde og Jølster.

I arbeidet med utgreiinga av alternative løysingar vart desse utgreiingsarbeida sette bort til eksterne konsulentar:

- Landskap (Ask Rådgiving)
- Friluftsliv, reiseliv og fritidsbustader (Sweco)
- Landbruk (Multiconsult)
- Biologisk (Miljøfaglig utredning AS)
- Kulturminne og kulturmiljø (NIKU)

Statnett har utgreidd og søkt om nye traséalternativ mellom Endestadvatnet og Moskog i Flora, Naustdal, Førde og Jølster.

Endestadvatnet–Naustdalen:

På denne strekninga søkjer Statnett på ein trasé. Traseen er identisk med alternativ 1.18 frå tidligare konsekvensutredning. På denne delstrekninga går traseen på nordsida av Naustdalen for den krysse over dalen og vinn høgde mot Naustdalen.

Traséalternativet på strekninga er forsøkt optimalisert etter innspel frå kommunar, grunneigarar og eksterne fagutgreiarar.

Naustdalen–Angedalen:

På denne traseen som går frå Naustdalen, sør for Naustdalen, gjennom Trodalen og ned mot Angedalen har Statnett vurdert to alternative trasear ved passering av Trodalsvatnet som vist på kartet. Statnett søkjer på begge traséalternativa, men traséalternativet på austsida av Trodalsvatnet prioriterast framfor alternativet som går på vestsida på grunn av auka risiko for skred og utfordringar med å finne egna mastepunkt, samt omsynet til miljø, naturressursar og samfunn.

Angedalen–Moskog:

Statnett har vurdert fleire alternative trasear på strekninga Moskog – Angedalen. Statnett vurderar samelige av alternativa til å være byggeteknisk akseptable og søkjer alle alternativa utan noen prioritering.

Alle fagutgreiarane vurderer dei nye traséalternativa slik at dei vil føre til større negative konsekvensar for areal-, miljø- og samfunnsmessige interesser enn det konsesjonsgitte alternativet. Statnett finn derimot dei nye traseane teknisk sett akseptable og søkjer etter krav frå OED om nye trasear på delstrekninga.

Eit nytt traséalternativ på strekninga Moskog–Endestadvatnet vil vere 8–9 km lengre enn det konsesjonsgitte traséalternativet på den same strekninga, og vil føre til om lag ei tjuedobling i tap av inngrepsfri natur sett i høve til det konsesjonsgitte alternativet på strekninga.


Åskåra–Hjelmestadvatnet

Statnett har vurdert og utreda fem kombinasjonar av traséalternativ på denne strekninga. Formålet med dei føreslåtte traseane er å redusere inngrepa i Førdedalen. Utgreiingane av dei føreslåtte nye traseane på strekninga Åskåra–Hjelmestadvatnet har resultert i at Statnett ikkje finn det rett å søkje på dei føreslåtte traseane. Grunngevinga for dette er todelt:

Klimatiske og tekniske forhold

Utrekningar som Meteorologisk Institutt har gjort, viser at traseane oppe i fjellet sør for Førdedalen vil vere svært dårleg tilgjengelege og vanskeleg å komme til, særleg vinterstid.

UTGREIDDE NYE ALTERNATIV – IKKJE SØKTE OM I BREMANGER KOMMUNE



Raud, stripla strek i kartutsnittet viser traséalternativ som er vurderte på strekninga Åskåra-Hjelmevatnet. Grå, heitrekt strek viser traséalternativ som det tidligere er søkt om. Blå strek viser den kongsjøngitte traseen.

Grunnen til det er først og fremst høg tåkefrekvens. Kombinasjonen av nærleik til sjøen og den korte avstanden til Ålfotbreen gir desse heilt spesielt klimatiske forholda. Svært mykje snø i området kan også gjere det vanskeleg å komme fram på bakken vinterstid. For Statnett er ei slik redusert tilgjengelegheit heilt uakseptabel med tanke på høvet til reparasjon vinterstid, særleg når utgreiingar viser at traseane ligg i område der det er nokså sannsynleg at det kan bli brot.

Norges Geotekniske Institutt (NGI) presiserer at traseen går gjennom snøskredområde i høgjellet ved Snønyken. Derfor konkluderer Statnett med at det ikkje vil vere tilrådeleg å leggje eit så viktig kraftsamband gjennom eit område der høvet til reparasjonar er kraftig redusert av tåke i opptil 50 % av dagane om vinteren. I praksis gjer dette at alternativa 1.22 og 1.23 er utelukka av omsyn til tryggleiken.

Stasjonsplassering i Åskåra

Alternative transformatorplasseringar i Bremanger vart utgreidde i 2009 for alle relevante fagtema. Konklusjonane frå denne utgreiinga var ein viktig grunn til at Ålfoten transformatorstasjon vart lagd til Førdedalen. Sidan den gong har Statnett fått konkretisert omfanget av nødvendig tomtearbeid og skredsikring for ei stasjonsplassering i Førdspollen. Utgreiingane som

ein har gjort i 2011, peiker særleg på dei landskapsmessige konsekvensane av denne plasseringa. Ein transformatorstasjon som er plassert inne i Førdspollen, vil bli kraftig eksponert mot omgivnadene, og effekten blir mykje forsterka av at det er så trangt på strandflata at ein må sørgje for betydeleg planering, samstundes som tomta er så skredutsatt at det er konkludert med behov for omfattande skredsikring. Dei skredsikringstiltaka ein reknar med, med om lag 3200 meter med støtteforbyggingar, blir vurderte til å vere eit omfattande landskapsinngrep.

Det er i utgangspunktet fornuftig å samlokalisere transformatorstasjonen med Åskåra kraftverk, men storleiken på anlegga og konsekvensane av inngrepa harmonerer dårleg saman fordi areal- og sikringsbehovet til transformatorstasjonen er så stort. Ein vurderer derfor ein transformatorstasjon i Førdspollen som eit konfliktfylt alternativ for landskapet. Også for naturmiljøet meiner ein at det å etablere ein transformatorstasjon her vil å vere uheldig fordi transformatorstasjon med tilhøyrande skredsikringar vil føre til inngrep i ein gammal lauvskog med raudlista artar av stor verdi.

På bakgrunn av rapportane frå konsekvensutgreiingane vil ikkje Statnett søkje om nytt alternativ for Ålfoten transformatorstasjon ved Åskåra kraftverk.

Statnett

Vårt felles kraftnett

Statnett vil invitere til opne kontordagar.
Informasjon om stad og tidspunkt blir
kunngjort i lokalpressa på førehand.

Høyringsfrist for innspel til NVE: **3. juni 2011**

Namn og adresse på kontaktperson i NVE:

Noregs vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo

Tlf.: 22 95 95 95

Kontaktperson: Siv Sannem Inderberg

Namn og adresse på kontaktperson i Statnett:

Statnett

Postboks 5192 Majorstuen

03202 Oslo

Tlf.: 716 69 107

Kontaktperson: Christian Færo

For meir informasjon om prosjektet
Ørskog– Fardal (Sogndal) gå inn på
prosjektsida på www.statnett.no

